

**Frå:** Nils Mæhle  
**Sendt:** 1. september 2014  
**Til:** Postmottak KUD  
**Emne:** Høyringsvar om endring av lov om stadnamn

**Bergen Mållag har slikt høyringsvar:**

Bergen Mållag meiner at skrivemåten av gardsnamn framleis skal fastsetjast av Statens kartverk. Grunngevinga er at gardsnamna er kulturminne med interesse for alle. Me meiner difor det er svært uheldig at departementet gjer framlegg om å endra lova slik at eigaren av eit gardsbruk får rett til å bestemma skrivemåten av gardsnamnet, også når det er identisk med eit nedervd gardsnamn.

Bergen Mållag understrekar at forvaltninga av stadnamnarven vår er viktig. Hovudgrunnlaget for oss er stadnamna som verneverdige kulturminne, slik det også er uttrykt i forarbeida til lova. Det som gjer stadnamna særleg verneverdige, er dei nedervde lokale uttaleformene som er siste lekken i ein ubrotten samanheng attende til den tida namna voks fram.

Bergen Mållag ser positivt på at lova no vil at grunneigaren eller festaren straks skal få tilsendt språkfagleg tilråding, slik at han får direkte innsyn i dei momenta som har kome fram i høyringsrunden.

Oppsummert meiner Bergen Mållag at dei norske stadnamna, inkludert gards- og bruksnamn, er vår felles eige. Me ser at stadnamnlova slik ho er i dag, forvaltar gards- og bruksnamn på ein tenleg måte. Ho vernar om namna som kulturminne og sikrar den lokale uttalen, som er ein del av den immaterielle kulturarven vår. Bergen Mållag ber difor Stortinget om ikkje å gjera endringar i kven som skal forvalta skrivemåten til stadnamna i stadnamnlova. Dette bør framleis vera samfunnet sitt ansvar, ikkje den einskilde brukseigar.

For Bergen Mållag  
Nils Mæhle (leiar)